



Dato: 21.10.2016
Arkivref: 2016/576-12239/2016

Saksbeh.: Bjarte Hovland

Saksnr	Utval	Møtedato
79/16	Nærings- og utviklingsutvalet	14.11.2016
91/16	Formannskapet	28.11.2016
93/16	Kommunestyret	12.12.2016

Utbyggingsavtaler og anleggsbidrag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret sluttar seg til at det i kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vert innarbeidd rekkefølgjekrav om forbetring av infrastruktur, veg, parkering og skibruer, før vidare utbygging innan kommunedelplanområdet kan skje.
2. Kommunestyret samtykker i at grunnlag for ev. dispensasjon frå rekkefølgjekravet, kan vere at det vert innbetalt eit nærare avtala beløp øyremerka gjennomføringa av aktuelle tiltak.
3. Kommunestyret seier seg samd i at avtalt beløp inn til vidare, og på ubestemt tid, kan settast til kr 50.000 per bueining. Som grunnlag viser kommunestyret her til saksutgreiinga.
4. Kommunestyret føreset at midlane som vert innkrevd kun skal nyttast til slike infrastrukturtiltak som kjem av punkt 1 i vedtaket, samt tilsvarande til etterkoming av dei rekkefølgjekrava som i høve dette vert å innarbeide i kommunedelplanen.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 14.11.2016

Behandlingsinformasjon:
Bjarte Hovland orienterte.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til at det i kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vert innarbeidd rekkefølgjekrav om forbetring av infrastruktur, veg, parkering og skibruer, før vidare utbygging innan kommunedelplanområdet kan skje.
2. Kommunestyret samtykker i at grunnlag for ev. dispensasjon frå rekkefølgjekravet, kan vere at det vert innbetalt eit nærare avtala beløp øyremerka gjennomføringa av aktuelle tiltak.
3. Kommunestyret seier seg samd i at avtalt beløp inn til vidare, og på ubestemt tid, kan settast til kr 50.000 per bueining. Som grunnlag viser kommunestyret her til saksutgreiinga.

4. Kommunestyret føreset at midlane som vert innkrevd kun skal nyttast til slike infrastrukturtiltak som kjem av punkt 1 i vedtaket, samt tilsvarande til ettercoming av dei rekkefølgjekrava som i høve dette vert å innarbeide i kommunedelplanen.

Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 28.11.2016

Behandlingsinformasjon:

Odd Jostein Drotninghaug vart samrøystes erklært inhabil i saka og gjekk frå.

8 voterande.

Bjarte Hovland svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Hans Petter Sørensen (AP) la fram slikt forslag til tilleggspunkt 1 b):

Utbygger som kryssar ei skiløype med veg, som og skal vere vinteropen, skal erstatte denne med ein overgang/undergang som uhindra kan trakkast av trakkemaskin ved skisenteret. Utforminga må også ha ein slik karakter at skiløparar ikkje må stanse for å kome seg over eller under.

Avrøysting:

Tilrådinga frå nærings- og utviklingsutvalet fekk 7 røyster og vart vedteke. 1 røysta i mot tilrådinga.

Forslaget frå Sørensen fekk 1 røyst og fall.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til at det i kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vert innarbeidd rekkefølgjekrav om forbetring av infrastruktur, veg, parkering og skibruer, før vidare utbygging innan kommunedelplanområdet kan skje.
2. Kommunestyret samtykker i at grunnlag for ev. dispensasjon frå rekkefølgjekravet, kan vere at det vert innbetalt eit nærare avtala beløp øymerka gjennomføringa av aktuelle tiltak.
3. Kommunestyret seier seg samd i at avtalt beløp inn til vidare, og på ubestemt tid, kan settast til kr 50.000 per bueining. Som grunnlag viser kommunestyret her til saksutgreiinga.
4. Kommunestyret føreset at midlane som vert innkrevd kun skal nyttast til slike infrastrukturtiltak som kjem av punkt 1 i vedtaket, samt tilsvarande til ettercoming av dei rekkefølgjekrava som i høve dette vert å innarbeide i kommunedelplanen.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 12.12.2016

Behandlingsinformasjon:

Grunneigarar er inhabil i saka. Odd Jostein Drotninghaug vart samrøystes vurdert som inhabil.

Vara Leif Inge Grebstad (SP) tok sete. Anne Karin Watters tok sete som ordførar.

Saka vart drøfta.

Hans Petter Sørensen (AP) la fram slikt forslag til vedtak:

1a: Kommunestyret sluttar seg til at det i kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vert innarbeidd rekkefølgjekrav om forbetring av infrastruktur, veg, parkering og anna fellesareal, før vidare utbygging innan kommunedelplanområdet kan skje.

1b. Ein utbygger/tomteeigar som må krysse ei skiløype i området kring Nysetærvatnet med ein privat vinteropen veg, må bygge ei skibru eller skiundergang.

2. Kommunestyret samtykker i at grunnlag for ev. dispensasjon frå rekkefølgjekravet, kan vere at det vert innbetalt eit nærare avtala beløp øymerka gjennomføringa av aktuelle tiltak.

3. Kommunestyret seier seg samd i at avtalt beløp inn til vidare, og på ubestemt tid, kan settast til kr 30.000 per bueining. Som grunnlag viser kommunestyret her til saksutgreiinga.

4. Kommunestyret føreset at midlane som vert innkrevd kun skal nyttast til slike infrastrukturtiltak som kjem av punkt 1 i vedtaket, samt tilsvarende til etterkoming av dei rekkefølgjekrava som i høve dette vert å innarbeide i kommunedelplanen.

Petter Lyshol (H) la fram slikt forslag:
Stryk ordet «veg» i pkt. 1 i formannskapetets tilråding.

5 minutt pause for gruppemøter.

Lyshol trekte forslaget over, og la fram nytt forslag:
Saka vert trekt.

Avrøysting 1:

Det vart røysta over Lyshols forslag. Forslaget fekk 2 røyster (H og FRP) og fall.

Hans Petter Sørensen (AP) trekte pkt. 1b, 2, 3 og 4 i forslaget over, og la fram slikt oversendingsforslag:
Kommunestyret sluttar seg til at det i kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vert innarbeidd rekkefølgjekrav om forbetring av infrastruktur og fellestiltak. Det vert vidare utgreidd av administrasjonen og handsama i NU om den einskilde utbyggjar skal betale skibruer sjølv før vidare utbygging innan kommunedelplanområdet kan skje.

Avrøysting 2:

Det vart røysta over formannskapetets tilråding. Samrøystes vedteke.

Avrøysting 3:

Det vart røysta over Sørensens oversendingsforslag. Forslaget fekk 22 røyster og vart vedteke. 7 røysta i mot (FRP og H).

Vedtaket:

1.
Kommunestyret sluttar seg til at det i kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vert innarbeidd rekkefølgjekrav om forbetring av infrastruktur, veg, parkering og skibruer, før vidare utbygging innan kommunedelplanområdet kan skje.
2.
Kommunestyret samtykker i at grunnlag for ev. dispensasjon frå rekkefølgjekravet, kan vere at det vert innbetalt eit nærare avtala beløp øymerka gjennomføringa av aktuelle tiltak.
3.
Kommunestyret seier seg samd i at avtalt beløp inn til vidare, og på ubestemt tid, kan settast til kr 50.000 per bueining. Som grunnlag viser kommunestyret her til saksutgreiinga.
- 4.

Kommunestyret føreset at midlane som vert innkrevd kun skal nyttast til slike infrastrukturtiltak som kjem av punkt 1 i vedtaket, samt tilsvarande til etterkoming av dei rekkefølgjekrava som i høve dette vert å innarbeide i kommunedelplanen.

Oversendingsforslag:

Kommunestyret sluttar seg til at det i kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet vert innarbeidd rekkefølgjekrav om forbetring av infrastruktur og fellestiltak. Det vert vidare utgreidd av administrasjonen og handsama i NU om den einskilde utbyggjar skal betale skibruer sjølv før vidare utbygging innan kommunedelplanområdet kan skje.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde 04.02.13, sak 8/13, vedtak om generelle føresetnader i høve bruk av utbyggingsavtaler.

Nærings- og utviklingsutvalet (NU) handsama i møte 09.05.16, sak 40/16, utkast til utbyggingsavtalar, og vedtok at der skulle krevjast eit anleggsbidrag i utgangspunktet på kr 50.000 per bueining.

For å få ei lovmessig forankring av kravet om anleggsbidrag vedtok NU i møte 27.06.16, sak 46/16, at det skulle startast ein prosess med å endre kommunedelplanen slik der vart innarbeidd eit nytt rekkefølgjekrav om dette i føresegnene til planen. Dette arbeidet er oppstarta.

Det er no behov for ei nærare avklaring av grunnlaget for den kostnadsdekkinga som vert krevd.

Til saka nemnast at rådmannen har vurdert behovet for alternativt å legge ned eit mellombels bygge- og deleforbod fram til dei naudsynlege rekkefølgjekrava er på plass.

Saksopplysning

Til kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet, vert det foreslått å innarbeide ei slik formulering under føresegnene 2.4 Rekkefølgjekrav, avsnitt om infrastruktur:

Det vert ikkje gjeve løyve til ny utbygging i området, før offentleg veg- og parkeringsplassar innan planområdet har fått utvida kapasitet og oppgradert standard. Kommunal veg, Nysætervegen, skal min. stette krava som for samleveg, sa1 iht SvV Hb N100, for strekning med einfelts veg ei vegbanebreidde på 4 m, med 3 m køyrebane og 0,5 m skulder, alternativt for strekning med tofelts veg med ei vegbreidde på 6,5 m breidde, med 2 vegbaner på 2,75 m og skuldrer på 0,5 m. Bruksklasse for begge BK 10. Fast dekke.

Eventuelle kryssingspunkt i høve regulerte skitrasear, skal vere sikra med skibruer eller liknande.

Parkeringsplassane skal vere ferdig utbygde med fast dekke, samt ev. ordningar for betaling av p-avgift.

Dette rekkefølgjekravet må sjåast i samanheng med punkt 2.2 Utbyggingsavtaler i føresegnene. Der står:

Utbyggingsavtalar mellom Sykkylven kommune og private utbyggjarar skal sikre gjennomføring av felles tiltak som det er knytt rekkefølgjekrav til, jfr. vedtak i kommunestyresak 8/13 – Utbyggingsavtalar – Generelle føresetnadar.

Dette rekkefølgjekravet skal så overførast/vidareførast til dei kommande detaljplanane innanfor kommunedelplanområdet.

Med eit slikt rekkefølgjekrav kan det ikkje giast nye byggeløyve før offentleg veg- og parkeringsplassar innan planområdet har fått utvida kapasitet og oppgradert standard, samt at kryssinga av viktige skitrasear (td. Fjellsæterrunden) er sikra med skibruer eller liknande.

Men ein utbyggar kan få dispensasjon frå dette kravet, dersom vedkomande gjer avtale om at eit gitt beløp pr. ny hytte/bueining vert innbetalt til særskild konto hjå Sykkylven kommune (t.d. kr 50.000 per bueining). Kommunen på si side bind seg til kun å nytte midlane til dei avtala tiltaka.

For utbyggar inneber vilkåra at vedkomande i praksis vert stilt over for valet om å avvente bygging til at rekkefølgjekrava er innfridd, eller å akseptere ei løysing om økonomisk med-bidrag, og dermed kunne starte bygginga straks.

Etter plan- og bygningslova sin § 17-3 er det krav om at det er tilstrekkeleg samanheng mellom utbygginga og vilkåra.

Lova krev at tiltaka/vilkåra må vere så tydeleg konkretisert, at det kan gjerast ei vurdering av om den ytinga som vert krevd, i ei lovmessig vurdering, har tilstrekkeleg samanheng med gjennomføringa av planen.

I tillegg er der krav om at belastninga på utbyggar/grunneigar må vere forholdsmessige, dvs. at vilkåra ikkje må framtre som uforholdsmessig tyngjande i høve dei måla ein vil nå og dei alternativa som ligg føre. Ytinga må kunne seiast å avhjelpe skadeverknader eller ulemper av den konkrete utbygginga.

Vel ein alternativet med eit omgåande mellombels bygge- og deleforbod, så vil dette kunne heimlast i plan- og bygningslova sin § 33.

Eit bygge- og deleforbod vil kunne vere eit virkemiddel som raskt kan kome på plass, og som dermed vil gi kommunen naudsynleg kontroll over utviklinga fram til rekkefølgjekrava er lovmessig innarbeida i plandokumenta.

Med eit eventuelt bygge- og deleforbod, så vil nye tiltak ikkje kunne settast i gang før planendringa er endeleg avgjort.

Men det kan, tilsvarande som for rekkjefølgjekrava, gjerast unnatak frå byggeforbodet, eksv. dersom utbyggar inngår ei semje om anleggsbidrag, jamfør analogt til det som er sagt om å få dispensasjon frå rekkjefølgjekrava.

Førebels vil rådmannen tilrå at ein legg vekt på å kome fram til særskilde avtalar med den einskilde utbyggar.

Men dersom dette ikkje lukkast, er rådmannen budd på å også fremje ei (snarleg) sak om eit bygge- og deleforbod.

Vurdering

Rekkefølgjekrava skal sikre tre konkrete infrastrukturtiltak:

- Oppgradert standard og utvida kapasitet på Nysætervegen.
- At kryssningspunkt veg/skitrasear skal sikrast med skibruer eller liknande.
- Utbygging av parkeringsplassar

Omfanget av tiltaka.

Med unnatak av den første delen av Nysætervegen, strekninga frå fv60 og opp mot høgda rett før avkøyringa til Drabløsskogvegen, er resterande veg, samt alle dei andre tiltaka innanfor det området som er avgrensa av kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet.

Nysætervegen kan seiast å vere «nervetråden» for all ferdsel og utbygging i området, og tenleg vegstandard her er heilt vesentleg for vidare bruk og utvikling i området. Heile veggen er derfor med.

Nysætervegen er tenkt å opparbeidd med asfaltdekke inn til kommunegrensa mot Stranda. Dette vil i praksis gi heilt ny veg, oppgradert frå lastklasse på frå i dag med BK6 (6 tonn, for «grusdelen») til ei framtidig bruksklasse med BK10 (10 tonn akselast for heile veggen). Dette er ynskte kvalitetskrav til veggen som også er nedfelt i hovudplan veg frå 2008.

Skibruene er tenkt der vinterbrøyta veg vil (kunne) verte til hinder for viktige skitrasear.

Kommunedelplanen og detaljreguleringa vil måtte svare på kvar slike kryssingar er aktuelle. Over- eller undegang vil verte å velje ut i frå tilhøva på staden. Det er aktuelt at dei er dimensjonert for bruk av trakkemaskin.

Parkeringsplassane vil i hovudsak vere dei større områda ved Drabløsskogvegen heilt i vest av planområdet, deretter ved Tudalen (ca ved v7), og så til sist parkeringsområdet i aust ved Fausaskifte. Alle tenkt med asfaltdekke.

Grunnlag for krava.

Meir utbygging, på sikt meir enn ei dobling av talet på bueiningar, tilseier at belastninga på ein frå før heller dårleg veg (Nysætervegen) fort vert for stor, men vil og gi aukande behov for sikker kryssing. Også fleire andre nye vegar, med i større grad av vinterbrøyting av vegane heilt fram, tilseier i det vidare større utfordringar m.o.t. å kunne ta seg rimeleg greitt og trygt fram på ski. Det er derfor viktig, at min. dei sentrale, regulerte skitraseane og skileikområda, vert sikra for trygg og tenleg bruk, - eksv. via rekkefølgjekravet om bygging av skibruer.

Auken i dei områda der det vert godkjend ny utbygging, her også med høgare utnytting av både nye og eldre byggeområder, gir ikkje berre auke i ferdselen, men vil og generere press inn mot å få opparbeida tenlege parkeringsområder, - også for ålmenta. Dette for å ivareta ålmenta sitt behov for tilgang til dei attraktive tur- og friluftsområda.

Skal ein kunne ta seg fram, må vegane vere opne for tenleg ferdsel, der også vedlikehaldet, spesielt vinterbrøytinga, kan gjennomførast utan for store hindringar.

Då kan vi ikkje ha «kaotiske» tilstander der ein med stadig fleire biler til/frå området kjem i stadige konfliktsituasjonar ut i frå at vegbana også i (for) stor grad også vert nytta til eksv. parkering.

Auka utbygging og med den der til aukande trafikken, gjer det avgjerande å sikre at både «indre og ytre brukarar» ikkje må nytte vegen/vegane til parkering, men heller vel dei for dette tilrettelagte områda. Desse tilrettelagte områda vil og verte viktigare og viktigare, alt etter som nye byggeområder vil skape vanskar for den frie ferdsla elles i området.

Slik det er pr. i dag, er kvar ny bygnad med på ytterlegare å forsterkar dei utfordringane som gjer seg gjeldande eksv. i høve dei nemnde infrastrukturiltaka.

Men får vi til ynskt ordninga med anleggsbidrag, så vil utbyggarane også vere med på å løyse dei same problema som dei er med på å skape. På denne måten kan utbygginga innan heile planområdet halde fram utan for store ulemper.

Ytinga kan derfor seiast å avhjelpe skadeverknader og ulemper av utbygginga.

Ved innbetaling av aktuelt beløp, så sikrar utbyggar at kommunen vil vere i stand til å gjennomføre konkrete tiltak slik at aktuelle problem kan løysast.

Problem som elles ville kunne medføre at ein i ei gitt framtid ville måtte slå fast at framkome, trafikktilhøve, ski og rekreasjonsbruk ikkje lenger var slik at området tente det føremålet som vi i dag ynskjer at det også for framtida skal kunne gjere.

Med omsyn til den løpande, pågåande utbygginga, kan kommunen fråvike rekkefølgjekravet i vissa om at finansieringa av naudsynlege tiltak, vil vere sikra nettopp via den utbygginga som skjer.

I motsett fall, utan tiltak, vil ein måtte legge opp til ei lågare utbyggingstakt med totalt sett langt færre nye hytter/fritidseigedomar.

Det skulle utifrå overståande vere synleg at dei konkrete tiltaka som er foreslått med i rekkefølgjekrava, har samband med utbygginga i området, og at ei oppgradering av nemnde tiltak er ein føresetnad for at den omfattande utbygginga kommunedelplanen legg grunnlag for, kan halde fram.

Det synest elles openbart at den kan ta svært lang tid før kommunen sjølv, via «ordinære» midlar, vil kunne prioritere gjennomføringa av dei tiltaka som er nemnd i rekkefølgjekravet. Då kan alternativet måtte verte eit mellombels bygge- og deleforbod inn til kommunedelplanen for området vert endra til å i langt større grad enn i dag å legge dei då naudsynlege begrensingane i høvet til å kunne oppføre ny bygnad i området.

Størrelsen på anleggsbidraget frå den einskilde utbygger, vil i stor grad vere avgjerande for kor fort ein kan gå fram i høve realiseringa av tiltaka.

Der er ikkje lovgrunnlag, men skulle ein få til økonomisk bidrag også frå eksisterande bebyggelse, vil perioden med anleggsbidrag kunne kortast tilsvarande. Tilsvarande om der skulle kome særskilte bidrag frå kommunane.

Nemner her at kommunen nyleg har blitt kontakka av nabokommune (Stranda), samt brukarar av vegen derifrå. Viser her til referat frå møte 10.10.16, der spesielt veg og parkering var i fokus. Sjå vedlagt referat, der situasjonsbeskrivinga, der også, tilseier at ein bør/må gjennomføre tiltak. Så vonleg kan ein få til anleggsbidrag også frå dei som bygg innanfor Stranda sine grenser, samt frå Stranda kommune.

Nærare om dei einskilde tiltaka og berekning av kostnader.

Om Nysætervegen:

Det er naturleg med ei 3-deling av den ca 7,6 km lange vegen.

Del 1: Frå fv60 til ca asfaltkant ved ungdomssenteret : 2,4 km
Del 2: Frå ca asfaltkant til påkopling v7, ca : 1,2 km
Del 3: Frå v7 til Stranda grense : 4,0 km

Del 1, ca 2350 m, er veg pr. i dag med asfaltert som berelagsdekke, men som manglar toppdekke. Kostnaden vil derfor i hovudsak vere nytt toppdekke/slitelag; 14100 m² ny asfalt, 140 kg/m², 6 cm.

Berekna kostnad: kr 2,2 mill

Del 2 og 3 (5,2 km) er grusveg med i dag varierende dårleg standard.

Del 2, 1180 m, er den strekninga etter skitrekket med forventa høgst belastning, jamf. at strekninga, saman med ny veg, V7, vil vere tilkomst for dei høgt utnytta byggeområda opp langs familietrekket og vidare inn mot/langs Tudalen.

Vegen er planlagt oppgradert til veg med to vegbaner, kvar med ei breidde av 2,75 meter. Oppgradert med nytt, forsterka berelag, samt kantgrusing, stikkrenner og grøfting.

Berekna kostnad: kr 2,4 mill.

Resterande, del 3, ca 4,0 km er berekna som asfaltveg, 4 m, men med innlagde møteplasser i tillegg. Oppgradert med grøfting og stikkrenner, fiberduk og geonett.

Berekna kostnad: kr 6,6 mill.

Samla kostnad Nysætervegen: Kr (2,2 + 2,4 + 6,6) = kr 11,2 mill.

Om skibruer mv:

Kostnadane vil heilt kome av val av løysing.

For køyrbar bru berekna for trakkemaskin vert det stipulert ein kostnad til 1,2 mill pr. bru.

Alternativt kan ein der tilhøva tillet det truleg finne rimelegare løysingar, som klopp, nedsenking mv.

Berekna beløp er derfor eit grovt anslag.

Ført beløp (rs): kr 4,0 mill.

Om parkering:

Hovudsum av dei tre større områda;

Nysætervegen/ Drabløsskogvegen : 11451 m²

Nysætervegen, Tudalen, ved V7	: 9958 m ²
Nysætervegen/Fausaskifte	: 16707 m ²
Totalt	: 38116 m ²

Opparbeiding med asfaltdekke, ca 2/3 av totalareal, (25400 m²), samt begrensa belysning.
Samla sum ca kr 11 mill.

Totale infrastrukturtiltak = veg + skibru + parkering = 11,2 mill + 4,0 mill + 11 mill = 26,2 mill
Alle tal umva. og utan medtak av ev. krav om grunninnløyising.

Berekening av anleggsbidrag.

Etter kommunedelplanen er det stipulert ca 500 nye hytter innan planområdet. Utbygginga vert i utgangspunktet føreset finansierast via desse.

Kr 26,2 mill. fordelt likt på 500 hytter/bueiningar gir eit anleggsbidrag på kr 52.400 per hytte/bueinig. Dette er litt meir enn det NU såg føre seg som maksimalbeløp (kr 50.000). Held ein seg til dette, og talet på nye einingar vert som stipulert i kommunedelplanen, må ev. kommunen bidra med 1,2 mill.

Det vert rekna lik sum for alle bueiningar, då trafikk, både intern og til/frå, vil kunne vere nokså lik uavhengig om bueininga er eiga hytte eller del av rekkehus, lavblokk, utleigebygg eller liknande. Alternativt kan det, for å stimulere til fortetting og ei størst mogleg samling av ny bebyggelse, vurderast å sette eit maksimalbeløp pr. bygg til eksv. kr 100.000. Dei største bygga er pr. i dag planlagt med 8 bueiningar. Dette vil kunne gi grunnlag for eit krav om anleggsbidrag på kr (50.000 x 8) = kr 400.000, og vil moglegvis opplevast som ein uforholdsmessig høg sum. Framlegg til vedtak vert fremja utan maksimalbeløp pr. bygg.

Det vert heller ikkje gjort skilnad i høve kvar ein bygg. I sum vil alle dra nytte av heilskapen, og det vil uansett vere vanskeleg å sette «rettferdige» avgrensingar. Alternativt kunne det vurderast ein viss reduksjon i anleggsbidraget for dei som bygg i område som har avkøyring frå Nysætervegen før (dvs. sørvest om) den store parkeringsplassen ved skitrekket, eksv. 25 %. Men framlegg til vedtak vert gjort ut i frå eit likt beløp for alle.

Skulle der kome (kun) 20 nye hytter pr. år, ville ein noko overforenkla kunne seie å stå føre ei utbygging over 26 år.

Dette er alt for lang tid. Skal ein få på plass naudsynlege infrastrukturtiltak, bør/må ein også prøve å få til anleggsbidrag frå eksisterande fritidsbustader, samt frå nabokommune, jamf. møtet med Stranda 10.10.16.

Lukkast ein med dette, kan gjennomføringsperioden kortast tilsvarande desse med-bidraga.

Men det er uansett ikkje grunnlag for å tilrå eit mindre anleggsbidrag enn kr 50.000 pr. bueining. Kostnadsoverslaga er uvisse.

Eit eventuelt med-bidrag frå andre (kommuner og eksisterande hytter) bør heller medføre ein kortare innbetalingsperiode, ev. at tiltaka vert utvida.

Det nemnast og at kostnader med oppgradering av den ca 5,7 km lange vegen gjennom Fasteindalen ikkje er med. Mestdelen av denne vegen ligg rett nok utom planområdet, men ei medtaking kunne, i alle høve som ei delvis medfinansiering, forsvarast utifrå at den og er/kan vere tenleg som ei alternativ rute til/frå, og kan også tene som ei «ekstra bakdør», dvs. ein alternativ tilkomst dersom Nysætervegen skulle vere sperra.

Ut i frå ei totalvurdering er vegen gjennom Fasteindalen i denne omgongen ikkje medteken.

Til NU-sak 40/16; møte 09.05.16, var der nemnd alternativ med bompengefinansiering. Det har her i det vidare ikkje blitt vurdert aktuelt å gå vidare med dette. Alternativ med bompengar har også vore vurdert tidlegare, då ca år 1996.

Økonomiske konsekvensar

Kommunen vil måtte engasjere seg i samordning, innkrevjing og gjennomføringa av tiltaka. Vidare vil komande vedlikehald kome på kommunen.

Kommunen kan også måtte gå inn med eigne, særskilde anleggsbidrag dersom ein vurderer det tenleg med raskare gjennomføring av eitt eller fleire av tiltaka, ev. at ny bebyggelse vert mindre enn forventa.

Det kan i tillegg vere å vurdere om kommunen skal gjere låneopptak for å få fortgang på infrastrukturutbetringa. Lånekostnadane vil då verte å måtte finansierast via anleggsbidraga. Lånekostnader ikkje berekna og kostnadane til dette heller ikkje med som grunnlag for anleggsbidrag.

May-Helen Molvær Grimstad
Rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Vedlegg:

- 1 Referat frå møte 10.10.2016 - Nysætervegen - representantar frå private hytte- og avløpslag i Stranda kommune - representantar frå kommunane Stranda og Sykkylven